

Eit nytt og spennande prosjekt i bygda startar i dag. Haugland Maski tek til med utgravinga av tomta for Elins Matgleder på Nedre Feet.

Det skal reisast eit 95 kvadratmeter stort hus i halvanna høgd og det skal stå ferdig tidleg på hausten, opplysar Elin Enes til uskedalen.no



[Nybygget blir liggjande like ved løa](#)

Den nye verksemda inneber ei utviding av drifta på garden med catering og sal av gardsmat frå eigen butikk. I huset blir det storkjøkken, butikk, lager og kontor. Elin og Geir Enes satsar på lokale leverandørar til byggjeprojektet som blir liggjande ved sida av løa og inntil fylkesvegen.

Eik Røyr blir ansvarleg for alt røyrleggjararbeid og Ersland Forskaling har betongarbeidet. Byggeriet Uskedal Trelastlager leverer altbyggjemateriell og Lan Bygg setter opp bygget

Av Ola Matti Mathisen.